



Sogn og Fjordane tingrettar

Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Rådet fekk i møtet 10. februar 2016 orientering om planane for modernisering og digitalisering av domstolane i Sogn og Fjordane og har følgjande fråsegn:

Sogn regionråd støttar planane om samanslåing av tingrettane i Sogn og Fjordane under føresetnad av at Sogndal beheld rettsstaden med rettssal og bemanna kontor. Vi er opptekne av at innbyggjarar og samarbeidsaktørar ikkje får auka reisetid til dei viktige funksjonane som tingretten utøver. Fagkompetansen må framleis vera i Sogndal og arbeidsplassane på kontoret i Sogndal må vidareførast.

Sogn regionråd støttar planane om å få realisert digitalisering av domstolen. Realisering av dei digitale løysingane vil gje betre tenester for brukarane og meir effektive arbeidsmåtar ved domstolane. Sogn regionråd ser det som positivt om den samanslegne tingretten i fylket alt i denne omgang kan bli prioritert for digitalisering.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift